


BJERKREIMS NYTT



VAL

Storings- og sametingsvalet 8. september 2025

Kven har stemmerett?

Ved stortingsval har norske statsborgarar som har fylt/fyller 18 år innan utgangen av valåret og som er, eller har vore, registrerte som busette i Noreg, stemmerett. Du må dessutan stå i manntalet.

Sjekk om du står i manntalet

Manntalet ligg til offentleg ettersyn på kommunehuset til og med valdagen. Det er viktig at du som veljar sjekkar at du står i manntalet, spesielt om du har flytta til kommunen dette året. For å vera manntalsført i Bjerkreim kommune, må flytting vera registrert innan 30. juni. Dersom du ikkje står i manntalet i Bjerkreim kommune, kan du ikkje stemma her på valdagen, men du kan førehandsstemma her (då blir stemmegjevinga di sendt til den kommunen du står manntalsført i).

Dersom du meiner at du eller nokon andre er feil innført, eller ikkje står i manntalet til kommunen, kan du krevja at valstyret rettar opp feilen. Kravet må vera skriftleg og grunngjeve og sendast til: Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, eller postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Du kan førehandsstemma på kommunehuset til og med 5. september

- kvardagar kl. 08.00-15.00
- ved utvida opningstid til kl. 19.00, måndag 1. september, tysdag 2. september og onsdag 3. september
- ved å avtala tid utanom kontortida (ring tlf. 51 20 11 00)

Husk å ta med legitimasjon!

Tid for førehandsstemming på Bjerkreim omsorgsenter blir torsdag 4. september kl. 12.00-13.00.

Du kan søkja om å få stemma heime

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan koma seg til eit lokale og stemma på valdagen eller på førehand, kan søkja om å få stemma der vedk. oppheld seg (heime). Du kan ringa eller senda ein enkel søknad innan 4. september kl. 12.00, til: tlf. 51 20 11 00 / Bjerkreim valstyre, postboks 17, 4384 Vikeså, postmottak@bjerkreim.kommune.no.

Opningstidene på valdagen

kl. 10.00 – 20.00 på Bjerkreim bedehus

kl. 10.00 – 21.00 på kommunehuset, Vikeså

Meir om valet kan du lesa på www.bjerkreim.kommune.no eller www.valg.no

**INFO TIL BJERKREIMBUEN
SEPTEMBER 2025**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00

Måndag - fredag kl 08.00 - 15.00

www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag 15.00 - 19.00

Tysdag 14.00 - 18.00

Onsdag 14.00 - 18.00

Torsdag 12.00 - 15.30

Fredag 12.00 - 15.30

Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-RENOVASJON:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 19. september kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast torsdag 28. september. Skriv kort!. Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Sendt til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

TRYKK OG**GRAFISK FORMGIVING:**

Jærprint AS

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



ORDFØRAREN SITT HJØRNE



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

GODT VAL

Me er i sluttspurten av valkampen opp mot Stortinget. Eg skal ikkje bruke spalteplassen på å drive valkamp. Sjølv sagt representerer eg som ordførar ei av sidene, og er som alle andre spent på utfallet. Samstundes så skal eg samarbeide godt med alle, uavhengig av kven som sit i posisjon på Storting og på fylke. Dette gjeld både i Bjerkreim, samarbeid i Dalane og i Rogaland. Me har mange viktige saker å samarbeide om i regionen, der me må einast om felles mål og strategi. Så uansett korleis valet endar, må me ha fokus på det.

Eg har likevel lyst å løfte eit tema som enkelte småparti, som truleg vil ende langt under sperregrensene, trekker fram. Det er at me ikkje har eit «ekte» demokrati i Noreg. Det er ikkje «folket» som bestemmer, men ein elite. Det er ein svært farleg tankegang. Det er svært få andre land i verda, der det å drive politikk er så opent for alle som hjå oss i Noreg. Det er ikkje alltid ein får rett, sjølv om ein meiner at ein har rett. Det å verta lytta til, betyr ikkje alltid at ein får ynsket sitt oppfylt.

Me må ikkje la det festa seg ei ide om at me som synes det er meningsfullt og interessant å drive med politikk, ikkje er ein del av folket. Me er valde av dykk, av folk i Norge. Det er eit stort og viktig oppdrag å vera folkevalde. Det betyr både å seia ja og seia nei, det skal tas enkle, og nokre gonger vanskelege og upopulære avgjersler.

Det er eit par årgangar som no er fyrstegongsveljarar. Det er alltid spanande, og denne gruppa stemmer ofte. Den gruppa som stemmer mindre, er andregongsveljarane. Mange er i oppstart av studiar, og bur vekke. Dei får ikkje like stor påminning om å stemme, og mange synes det er vanskeleg å ta eit val. Eg oppfordrar alle til å bruke retten ein har til å levere sin stemme. Sjølv om det er vanskeleg å sjå forskjell på partia og på blokkene. Om ikkje anna, så gå for magefølelsen. La Bjerkreim kome høgt opp på valdeltakinga i år og Me plar vera gode til det.

Godt val alle saman, og lykke til for den nye Rogalandsbenken dei neste fire åra. Me skal vera på dokke og pressa på for at Rogaland verte høyrte!

Godt val!

*Vennleg helsing, Tone Vaule***POLITISKE MØTE - PÅ KOMMUNEHUSET**

Fellesråd	Måndag 01.09 kl.13.00
Ungdomsråd	Måndag 01.09 kl.16.00
LMT-utvalg	Tysdag 16.09 kl. 19.00
Levekårsutval	Tysdag 16.09 kl. 19.00
Formannskap	Onsdag 17.09 kl. 16.00
Kommunestyret	Måndag 22.09 kl. 18.00
Gruppemøter	Torsdag 11.09 kl. 19.00

REVEPREMIE

Fra 1. september blir det endringer i rutiner for utbetaling av skuddpremie. For å få skuddpremien på kr 500 må du levere revehalen på landbrukssenteret på Helleland.

Skuddpremieordningen på rev i Bjerkreim kommune er for å stimulere til økt uttak av rev under vanlig jakttid (ikke skadefelling), for å redusere tap av lam på vårparten.

For å få skuddpremie på rev utbetalt av kommunen, leverer du revehalen (Obs! Ikke klør) til viltansvarlig Anders Øfstaas på landbrukssenteret etter avtale.

Ring eller send melding til 476 95 914 eller e-post til anders.ofstaas@bjerkreim.kommune.no

Reven er freda mellom 15. april og 15. juli, pluss 24. desember til og med 31. desember.



ÅPEN DAG - NYTT HELSESENTER

Alle innbyggere inviteres til åpen dag på Bjerkreim helsesenter 20. september mellom kl 11.00 og 14.00. Det er mulig å se bygget og få informasjon om hvordan det er tenkt brukt. Brukere og pårørende får invitasjon til eget informasjonsmøte og omvisning i forkant av dette. Innflytningsdato er satt til 6. oktober.

KULTURMINNEMIDLER

Bjerkreim kommune deler i år ut kr 50 000,- i kulturminnemidler. Pengene skal fortrinnsvis gå til vedlikehold eller restaurering av bygninger som er nevnt i kommunens kulturminneplan, men andre kan også søke. Pengene kan bli fordelt til flere. Sendt skriftlig søknad med detaljert plan og kostnadsoversikt til kommunen innen 1. oktober. Ved spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf 988 80 147.

GRATIS KURSTILBUD FOR FORELDRE

COS-Parenting er et gruppebasert foreldreveiledningsprogram som ønsker å gi foreldre en grunnleggende forståelse av barns behov for trygghet, og å gi dem verktøy for å kunne møte barnas behov. Målgruppe: Foreldre med barn i alderen 0-15 år. Mer info: www.folkom.no

- Omfang: 1 ½ time pr. uke i 8 uker
- Tid og sted: Tirsdager kl. 19.30-21 på helsestasjonen
- Oppstart: 9. september

Påmelding før 8. september til

Ingrid Rekeland, tlf. 404 44 919/
mail: Ingrid.rekeland@bjerkreim.kommune.no

Elin Ramsland Friestad, tlf. 404 44 920/
mail: elin.ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no

KANDIDATER TIL UNGDOMSRÅD

Ungdomsrådet skal ha 7 medlemmer og 3 varamedlemmer, og velges av kommunestyret den 22. september. Avtroppende ungdomsråd, elevrådet i ungdomsskolen, organisasjoner i Bjerkreim med ungdommer som medlemmer og målgruppe, samt innbyggerne i kommunen kan komme med forslag på medlemmer. Medlemmene må være i alderen fra 8. trinn til 18 år (de må ikke ha fylt 19 år på valgtidspunktet) og begge kjønn skal være representert med minimum 40 %. Medlemmene må være bosatt i eller ha tilknytning til Bjerkreim kommune. Medlemmene velges for 2 år, så virkeperioden blir to skoleår. Rådet velger selv leder og nestleder blant medlemmene. Send forslag til kandidater til: postmottak@bjerkreim.kommune.no for 14. september.

TILTAKSSTØTTE KULTUR

Lag og organisasjoner kan søke støtte til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Elektronisk søknadsskjema på nettsida til kommunen. Søknadsfrist: 10. september.

KULTURPRIS

Hvem bør få årets kulturpris i Bjerkreim?

Det skal deles ut kulturpris på kulturdagen 1. søndag i advent. Hvem synes du har gjort en ekstra innsats for at vi skal kunne leve «det gode liv» i Bjerkreim?

Forslag med begrunnelse på kandidat sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså. Ved spørsmål, kontakt kulturkontor på tlf 988 80 147. Frist: 1. oktober.

SVØMMEKURS HØST 2025

Oppstart etter høstferien, påmeldingsfrist 3. oktober. Åtte kursdager på fredager:

Kl. 15.45 - 16.30 - grunnkurs
Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn
Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs
Kl. 18.00 - 18.45 - vid 1
Kl. 18.45 - 19.30 - vid 2

Mandager 18.30 - kurs for voksne dersom det er nok interesserte.

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon finner du på kommunen sin nettside. Vi tar forbehold om endringer.

INNSATSPREMIER

Innsatspremier deles ut hvert år på kulturdagen i desember. Bjerkreim kommunes levekårsutvalg bestemmer hvem som får premiene. Innsatspremier kan bli utdelt innen kulturområdene idrett og sport, sang, musikk og dans og andre kulturgrener. Det er ingen automatikk i at utøvere som fyller kriteriene får prisen, noen må foreslå kandidatene. Forslag med begrunnelse sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså. Frist: 1. oktober

BADEVAKTER

Vi trenger gode badevakter/assistenter til offentlig svømming og svømmekurs fra etter høstferien og fram til påske. Se kommunen sin nettside under ledige stillinger. Søknadsfrist 08.09.

EGENBEREDSKAP

Jodtabletter ved atomulykker

Er du under 40 år, gravid, ammende eller har barn som bor hjemme? Da anbefaler vi å ha jodtabletter i hus. Det kan bli behov for å ta tablettene relativt raskt, og da har man ikke tid til å gå ut å skaffe det.

Tablettene kan gi beskyttelse mot radioaktivt jod ved atomulykker, og **skal bare tas etter råd fra myndighetene.**

Som regel vil det være en fase hvor trussel om et utslipp av radioaktivt jod blir kjent. I denne fasen vil befolkningen motta informasjon fra myndighetene med anbefaling/informasjon om jodtabletter. Dette vil varsles via kommunen, tv og radio.

Kommunen har jodtabletter tilgjengelig for alle barn som går i barnehage eller skole. Vi anbefaler allikevell at innbyggere i målgruppen har jod som en del av sin egenberedskap. En ulykke med radioaktivt utslipp kan skje utenom skoler og barnehagers åpningstid.

Jodtabletter beskytter bare mot det radioaktive jodet. I et radioaktivt utslipp vil det være mange andre radioaktive stoffer. Derfor vil man samtidig få beskjed om å holde seg innendørs i opp til to døgn.

Jodtabletter ved atomulykker må ikke forveksles med kosttilskudd med jod. Trenger du daglig kosttilskudd med jod, f.eks ved graviditet, spør apoteket etter dette.

KNERTEN HAR STARTA OPP IGEN

Vikeså misjonshus tirsdager kl. 9.30-12.00. Knerten er en sosial samlingsplass for mor, far og/eller besteforelder med barn fra og med 0 år. Ta med egen niste.

SOUL KIDS/SOUL CHILDREN

Vikeså Soul Kids (1. til 4. klasse) og Vikeså Soul Children (5. til 7. klasse) startar øvinger 28.08 kl. 17.00-18.30 på misjonshuset. Velkommen til nye og gamle medlemmer!



MARKNADSDAG PÅ KLØGETVEDTTUNET

Søndag 31.08 kl. 13.00 – 16.00

Gammeldags marknadsgang med salg av mange ulike hjemmelagede produkter.

Smed i smia. Pølsegrilling og leker.

Det er ennå plass til flere utstillere, meld deg gjerne på til kulturkontoret, tlf. 988 80 147. Gratis adgang, guiding på Kløgetvedttunet etter forespørsel.

BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 17. september kl. 19.30 i kommunestyresalen.

Startkontingent kr. 50,- kontant. Firemannslag. Servering av kaffi, te og kjeks. Kom gjerne åleine, så får du plass på eit lag!

BJERKREIM BRASSBAND

Vi starter med øvelser i kulturbanken tirsdag 02.09.25 kl. 19.30. Nye og tidligere medlemmer er velkomne. Spørsmål? Kontakt Arne Bjerkreim tlf. 916 19 041/ Monika Asheim tlf. 416 00 964

BJERKREIM PENSJONISTFORENING

Torsdag 18. september kl. 14.00 på samfunnshuset.

Kåsør: Siri Vikeså Sjøtrø. Servering av smørbrød og kaker. Loddsalg og kanskje quiz. Inngang: kr. 50,-.

BINGO

I peisestova på Vikeså misjonshus onsdag 10. september kl. 14.00 til ca.16.00.

Arr. Bjerkreim helselag

ONSDAGSKLUBEN 3 G

Godt humør, godt kledd og godt miljø!

Onsdag 3. september går turen til Stølen/Foss. Gerny Nedrebø blir med. Ta med drikke og sitteunderlag. Avreise frå Esso kl.10.00

Arr: Fellestrådet for eldre og funksjonshemma

ÅRETS ELDEREFEST

Me markerar 200-årsutvandringsjubileumet!

Onsdag 1. oktober kl. 18.00 på samfunnshuset. Historisk syngjespel: "Ein plass i verda": Brita frå Bryggjå og Lukas frå Himlaleitet møter kvarandre som 10-åringar i 1795, og møtest att i 1825 når "Restauration" dreg frå Stavanger med dei første emigrantane til Amerika.

Jorunn Kydland presenterar den nye boka; «Utvandrar-historiar frå Bjerkreim».

Helsing av ordførar Tone Vaule. Middag og dessert. Pris: kr. 300,- kontant/ VIPPS i døra. Påmelding før 26.09 til Tom Fjermedal tlf. 51 20 11 00 eller tom.fjermedal@bjerkreim.kommune.no

JUBILEUM

Bjerkreim bygdekvinnelag feirer 75 år fredag 3. oktober på Bjerkreim samfunnshus kl. 19.00.

Standupkomiker Harald Eide Ellingsen, tilbakeblikk bl.a ved Olaug Nevland og middag mm. Påmelding for medlemmer med fylgje: Agathe Svela 977 01 156/ Bente Gro M. Slettebø 412 13 619. Kr. 500 pr stk. Frist 19.09. Vil du bli medlem? Sjå info på Norges bygdekvinnelags heimeside eller ta kontakt med styret v/Anette Gåsland.

SPIS MED OSS (ED MED OKKE)

Kveldsmat på Skjeraberget folkehelsehus mandag 15. september kl. 18-20. Kom å få eit måltid i lag med andre. Gratis.

Arr. Bjerkreim helselag

FRILUFTSKVELD

Tid: 3. sept. Kl. 17.00 - 19.30

Sted: Gapahuk ved Ivar/

Røyslandsvegen.

Denne gang i samarbeid med Jentelaget.

Det er åpent for alle og gratis å delta!

Arr: Dalane friluftsråd

HAGELAGET

Tur til Rogaland arboret tirsdag

16. september. Felles avreise fra

Esso kl. 17.30. Ta med matpakke.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 11. september

kl. 18.00-20.00

i Skjeraberget folkehelsehus.

Velkommen alle kvinner!

KURS: HANDY WOMAN

På Vikeså skule lørdag 20.

september fra kl. 10-13. Kursleder

Terje Versland. Ta med gode

arbeidsklær og drill hvis du har.

Kursavgift kr. 250 for medlemmer, kr. 300 for ikke medlemmer.

Påmelding til Olaug S. Johansen

tlf. 928 09 597.

Arr. Bjerkreim bygdekvinnelag

SYSNELLENE

En gruppe som liker å sy møtes

første mandagen i mnd. på

Skjeraberget folkehelsehus for

gjensidig inspirasjon og hygge med

egen symaskin. Møt opp mandag

1. september kl. 18.30 - 21.00

HAUSTFEST

Sundag 14. september kl. 17.00

på Vikeså misjonshus. Andakt.

Song: Vikeså Soul Children/Kids

Informasjon om aktivitetar på huset.

Kvar husstand tek med eit fat med

mat til felles måltid.



LIKAR DU BRETTSPEL?

Dette er til deg som har lyst til å lære

eit nytt brettspel eller har lyst til å

treffa nokon å spela favorittspelet

ditt med: Velkomen til Bjerkreim

brettspelklubb! Andre onsdagen i

månaden kl. 19.00 i Skjeraberget

folkehelsehus. Datoer i haust: 10.09,

8.10, 12.11 og 10.12.

STORTINGSVALGET 2025

Me håpar alle vil nytta stemmeretten

sin 8. september. Dei politiske partia

blir å treffa her for dei som vil møte

oss:

Vikeså laurdag 30. august kl. 11-14

Bjerkreim fredag 5. september

kl. 15-17.30

Vikeså laurdag 6. september kl. 11-14

Partia i Bjerkreim

LYS OVER LAND

Kretssekretær Odd Eivind Høyvik

taler på desse møta kl. 19.30:

Tysdag 2. september: Espeland

forsamlingshus, song: Gjermund

Vassbø.

Onsdag 3. september: Bjerkreim

bedehus, song: Endre og Mathias

Salte.

Torsdag 4. september: Ognedal

bedehus

BASARDAG

Bjerkreim bedehus, laurdag 20.

september kl. 12.00.

- Kafé med sal av risengraut, pølser i brød og kaffimat frå kl. 12.00
- Rullelappar
- Familiemøte kl. 13.00.
- Andakt
- Song av Bjerkreim barnekor. Barnebok, hovudtrekking og åresal.

Arr. Bjerkreim Normisjon

ÆTTESOGELAGET

Tid: Torsdag 4. sept. kl 19.00

Stad: Veen gardscamping

Gjermund Vassbø fortel om

plassen og viser bilete/film frå

gjennoppbygginga av to Lanesstølar.

Per Spødervold fortel om historien

og livet på Vinjastølen og andre

stølar på Veen. Det blir og is og kaffi.



GOSPELKVELD I KYRKJA

Bli med når UngGospel, under

ledelse av Tim Uffindell, Chatrine

Hovland og JC Vesttun, inntar

scenen sammen med profesjonelle

musikere. Lørdag 13. september

kl. 20.00 fylles Bjerkreim kyrkje

med sangglede og musikalsk

kraft – en kveld for hele familien.

Billetter:

voksne kr 300, barn kr 100

VIKESÅ MISJONSHUS

01. kl. 19.00 YngRes

03. kl. 20.00 Bønnemøte

10. kl. 14.00 Bingo

10. kl. 20.00 Samtale møte

14. kl. 17.00 Haustfest

15. kl. 19.00 YngRes og Korvetten

19. kl. 20.00 Fredagsklubb

20. kl. 20.00 BKU

24. kl. 17.30 Global kafe

29. kl. 19.00 YngRes og Korvetten

Kvar tysdag kl. 9.30 Knerten

Kvar torsdag kl. 17.00 Barnekor

BJERKREIM BEDEHUS

3. kl. 19.30 Møte Lys over Land

8. kl. 18.30 Guttelag og Jentelag

10. kl. 17.30 Global kafe

12.-14. Ungdomsfestival

15. kl. 19.00 Yngres

16. kl. 19.30 Logos

20. kl. 12.00 Basar Normisjon

21. kl. 11.00 Endelig Søndag

kl. 11.20 Søndagsskule

22. kl. 18.30 Guttelag og Jentelag

26. kl. 20.00 Fredagstreff

29. kl. 19.00 Yngres

Kvar tysdag kl. 19.00 Bønnemøter

Kvar onsdag kl. 09.30 Minsten

Kvar torsdag kl. 17.00 Barnekor



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Sundag 7. september kl 11.00

G3-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Presentasjon av neste konfirmentkull.
Gullkonfirmentane deltek.

Sundag 14. september kl 11.00

Korgudsteneste i Bjerkreim kyrkje.
Ungdomskoret med venner deltek.

Sundag 21. september kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje.

Sundag 28. september kl 10.00

Familiegudsteneste på Samfunnshuset.

DØYPTE:

08.06.25 Lilly Elena Skadberg
08.06.25 Ellie Thu Bjørnevoll
08.06.25 Helle Skjæveland Boge-Thu
17.08.25 Markus Ivesdal
17.08.25 Theo Ivesdal
17.08.25 Trym Tjørhom Egeland

DØDE:

29.05.25 Rolf Svela
03.07.25 Anbjørn Sundvor

VIGDE:

14.06.25 Linn Stokkeland og David
Frafjord
21.06.25 Anne Birkeland og Henrik
Selvik Hegre
28.06.25 Serina Veen Gilje og
Fredrik Hjelm Aukland
19.07.25 Tonje Leidland Sønstabø
og Stig Gåsland
16.08.25 Hege Bjerkreim og Lars
Torgny Ånestad

BABYSANG

Annankvar torsdag (i partallsveker)
kl 11 er det babysang heime hjå
Kathrine Salte Bjerkreim. Følg
gruppa på facebook:

facebook.com/groups/
bjerkreimbabysang

GLOBAL KAFÉ

Velkommen til Global kafé kl 17.30-
19.15 følgende datoer: På Bjerkreim
bedehus: 10. sept, 5. nov. og 3. des.
På Vikeså misjonshus: 24. sept.,
22. okt., 19. nov og 17. des.

TIDEBØN (NYTT KONSEPT DENNE HØSTEN)

Velkommen til å be tidebøn med
oss i Bjerkreim kyrkje kl 19-19.30
følgande onsdager denne høsten:
10.9, 1.10, 5.11, 3.12 og søndag
14.12.

KONFIRMERT I BJERKREIM I 1975?

Bli med på festen 7. sept.

VIPPS - NYTT ANG OFFER

Nytt frå august er at når du vippsar
til offer kan du velje at dette skal
vere skattefritt. Gjev du meir
enn kr 500 i løpet av eit år får du
skattefritak for heile summen året
etter.

TAKK FOR MEG!

Alt har sin tid, heter det. November
2014 fikk jeg telefon fra Bjerkreim
sokn om at jeg hadde fått stillingen
som organist. I januar 2015 hadde
jeg min første arbeidsdag i Ivesdal
kyrkje, og i begynnelsen av februar
ble jeg presentert i Bjerkreim kyrkje.

Det har vært 10,5 år med gild
spillejobb. Håper dessuten at
jeg har fått være til berikelse av
gudstjenesten, som var mitt mål.
Den 7. september er min siste
arbeidsdag i Bjerkreim kyrkje. Jeg
startet med G3-gudsteneste og
avslutter med G3. Tusen takk for
meg.

Mvh Eli Mari Haug Hadland

GOD HØST!

Vi lever på mange måter krevende
liv, og ved starten av et nytt semester
så liker jeg å dvele med noe jeg
håper kan bli oss til hjelp gjennom
de neste månedene. Denne høsten
har jeg ett ønske om å la meg prege
av visdommen fra boken «Den
sårede hjelper» av Henry Nouwen.

Vi ønsker ofte å hjelpe andre ut fra
styrke, overskudd og trygghet. Men
Henry Nouwen minner oss om at
den dypeste hjelpen ofte kommer
gjennom vår egen sårbarhet. Vi er
ikke kalt til å være perfekte helter,
men til å være mennesker som deler
liv med andre - også våre sår.

Nouwen bruker bildet av «den
sårede hjelper»: en som kjenner til
smerten, ensomheten eller kampen
i sitt eget liv, og som nettopp derfor
kan møte andre med forståelse og
empati. Sår som er erkjent og båret
framfor Gud, kan bli kanaler for
trøst til andre. Bibelen viser oss
dette i Jesus selv. Han bar våre sår -
bokstavelig talt - og det er gjennom
hans sår vi får legedom (Jes 53,5).
Når vi tør å være ærlige om vår
egen svakhet, kan vi, lik ham, bli
redskaper til håp og helbredelse for
andre. Kanskje er det nettopp i de
områdene av livet der vi selv har
vært såret, at vi kan være den største
velsignelsen for et annet menneske.
Vår smerte blir ikke en barriere, men
en bro.

Bønn: Herre, hjelp meg å møte
andre med åpent hjerte, også når jeg
selv bærer på sår. La din kraft virke
gjennom min svakhet, og bruk min
historie til å gi håp og helbredelse til
andre. Amen.

Per Børge Hillestad:

INFO OM INVITASJONER TIL IKKJE-MEDLEMMER

Vi sender ut invitasjoner til
trusopplæringstiltak etter kyrkjas
medlemsregister. Er du ikke medlem
i DnK men ønsker at barnet
ditt skal få invitasjoner til våre
arrangementer? Då må du registrere
barnet ditt på våre nettsider under
fanen «Barn og unge».

Frist for spreiding av husdyrgjødsel er 15. sept.

Tidlegare år har fristen for spreiding av husdyrgjødsel utan nedmolding, vore 1. september. Frå 01.02.25 gjeld den nye gjødselbrukforskrifta som tre departement vedtok på nyåret. Fristen i år og framover er sett til 15. september for alle kommunane i Rogaland, med unntak av Jæren. Framleis gjeld det som vi på landbrukskontoret alltid har sagt; brorparten av husdyrgjødsel bør spreidast på våren og etter 1. slåtten; både av agronomiske, økonomiske og forureiningsmessige forhold. For dei av dokke som skal søkja om RMP-tilskot til miljøvenleg spreiding av husdyrgjødsel med nedfellingsutstyr, var fristen for denne spreidinga den 10. august - for alt arealet du skal søkja om tilskot på.

Frist for leige/bortleige av mjølkekvotar er no 15. desember

Tidlegare år har fristen for å registrera bortleige/ leige av mjølkekvotar, vore 01.11. I år er fristen utsett til 15. desember.

Rovviltkontakt

Finn du eit kadaver og mistenker at rovdyr har vore på ferde, bør du ta kontakt med rovviltkontakt så snart som råd. I Dalane og på Jæren er det Øyvind Nesheim - 482 05 104 som då skal kontaktast.

Finn du eit kadaver og mistenker at rovdyr har vore på ferde, bør du gjera fylgjande:

- La kadaver ligge mest mogleg

urørt, men dekk det til slik at åtseletarar ikkje kjem til.

- Merk funnstad, gjerne med plastpose i eit tre e.l. slik at det er lett å finna.
- Beskriv funnstad og kryss av på kart om mogleg, aller best er GPS-posisjon.
- Fotografer kadaver om mogleg frå ulike vinklar, gjerne med ein gjenstand av kjent storleik ved sidan av kadaver (særleg bra for å anslå t.d. storleik på bitt og avstand mellom tenner).

Rovviltkontakten skal hjelpe til med å dokumentera skader på husdyr frå freda rovdyr som jerv, gaupe, ulv, bjørn og kongeørn. Dokumentasjonen er viktig, og eit krav dersom du skal søkja om erstatning for rovviltsskader på sau og andre husdyr. Fristen for desse søknadene er **1. november**. Ein må søkja elektronisk hjå Miljødirektoratet på <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no>

Søk om tilskot til kalking og nødstraums- aggregat innan 15. oktober

Det er pr. 20.08. i alt 23 bønder som har søkt om tilskot til kalking for totalt 933 tonn, og 1 til kjøp av aggregat. Kommunestyret har sett av midlar til 20 aggregat med 5.000 kr/stk, og 400.000 kr til kalking med foreløpig sats på 100 kr/tonn kalk. Dersom færre søknader; under 400 tonn samla, vert tilskotet høgare/ tonn. Du søker elektronisk med å logga deg på med Bank-ID, og du kjem då til eit veldig enkelt søknadsskjema der du kun må fylla ut opplysningar om kor mange tonn med kalk

du har kjøpt, leggja med kopi av faktura for innkjøpt kalk, organisasjonsnr. ditt og så bankkontonr som tilskotet skal overførast til. Tilskotsordningane gjeld for delvis dekking av utgifter til kalking som er **fakturert etter 01.01.25**, og nødstraumsaggregat som er innkjøpt etter denne dato.

Søknadsfrist: 15. oktober

Utbetaling: I november

Her er link til søknadsskjema:

www.bjerkreim.kommune.no/soknadssenter/

For meir informasjon sjå landbrukssida mai- og juninummet av Bjerkreimsnytt.

Ny fagkonsulent

Som dei fleste har fått med seg, har dessverre Svein Olav Tengesdal sagt opp stillinga si - etter å ha arbeidd på landbrukskr. i 30 år. Det vert ikkje lett å erstatta han med all den kunnskapen og erfaringa han har, pluss det gode humøret og den gode humoren hans som kvikkar opp i byråkratiet. Han vil fram mot årsskiftet arbeida ca. 1 dag/veke for å fullføra dei sakene han har begynt på/er involvert i. Stillinga er no lyst ut for andre gong, då vi i april/mai berre fekk to søkjarar som ikkje hadde dei kvalifikasjonane vi var på jakt etter. Søknadsfristen er den 7. september, så er du interessert/ kjenner du nokon som kan vera aktuelle for denne stillinga, er det berre å søkja.

INFORMASJON

GO Consult
Olav Engelsingjerd
Tlf. 906 99 409
post@goconsult.net



fjoscam.no

- Internett og kamera til fjøs
- Data-reparasjon/salg
- Langtrekkende WiFi som fungerer
- Service parabol og Riks-Tv



Bestill her

ALLE TRENG
GODE BØNNER
handbrent.no



tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal



Teknisk tegner - byggesøknad, tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Nesjane 3, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

Han med hatten
FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95

 **Bjerkreim
legekontor**
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!

coop
Vikeså

coop byggmix **EXTRA** **coop prix**

Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk

Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim

Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

Coop Norge AS

 **Eigersund
Dyreklinikk**
Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

**RENSELØSNINGER
TIL HUS OG HYTTER**



LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin
Tlf: 954 09 360 – post@sandnesmaskin.no

Fardal Bil AS
DIN LOKALE BILFORHANDLER



TA KONTAKT PÅ TELEFON 51 46 10 00
www.fardalbil.no